

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 18.06.2020

SAKLISTE

- | |
|---|
| - Godkjenning av innkalling og sakliste |
| - Godkjenning av møtebok |
| - Delegasjonssaker |
| - Skriv og meldingar |
| - Akson: felles kommunal journal og heilskapleg samhandling |
| - Drifts- og investeringsrapport 1. tertial 2020 |
| - Legetenesta i Gulen kommune |
| - Oppstart av utgreiingsfase vedkomande kommunal overtaking Byrknes vassverk |
| - Statusrapport finans- og gjeldsforvaltning pr. 30.04.2020 |
| - Ruspolitisk handlingsplan 2020-2024 |
| - Val av meddommarar til jordskifteretten for perioden 2021-2024 |
| - Val av meddommarar til lagmannsretten for perioden 2021-2024 |
| - Val av meddommarar til tingretten for perioden 2021-2024 |
| - Val av skjønnsmedlemar for perioden 2021-2024 |
| - Utbygging vassforsyning Skipavika Næringspark. Juridisk avklaring rundt innkjøp, anbod og offentleg-privat utbyggingsavtale |
| - Kompetanseplan for Gulen kommune 2020-21 |

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Kunngjering

Innstilling frå valnemnda om val av meddommarar

Gulen kommune har oppmoda innbyggjarane om å melde seg til teneste som meddommarar til lagmannsretten, tingretten, jordskifteretten og som skjønnsmedlem for perioden 01.01.2021-01.01.2025.

Valnemnda handsama saka i mai og har i møte den 26 . mai 2020 utarbeidd innstilling til Kommunestyret 18. juni 2020.

Forslaget er lagt ut til alminneleg ettersyn etter Domstollova § 68 på Gulen kommune si heimeside.

Takk

Langtidsavdelinga på Gulen sjukeheim vil med dette få takke for minnegåva etter Svein Høyland si bære. Vi set stor pris på gåva. Tusen takk!

Mvh personalet og bebuarar på avdelinga v/Nina Haveland (einingsleiar)

GOD SOMMAR



Hugs godt smittevern – hald avstand og vask hender

Tilskot til veglys

I budsjett for 2020 har kommunen satt av kr 100 000 i driftstilskot til veglys i bygdene.

Kommunestyret har også bestemt at for 2020 skal det i tillegg til vanleg driftstilskot delast ut kr 500 000 til ekstra satsing i samband med at LED-lysteknologien krev utskifting av armatur. Fordeling av LED-lysmidlar vil skje etter same fordelingsnøkkel som vanleg driftstilskot.

Kriterium for tilskot er som fylgjer:

- Drifta er organisert i eit eige lag, med eit ansvarleg styre
- Laget fører rekneskap og skriv årsmelding
- Laget driftar 10 lyspunkt eller meir
- Som del av årsmelding/rekneskap ved årsslutt 2020 må laget særskilt dokumentere at laget sin tildelte sum til LED-lyssatsinga er nytta til føremålet

Kommunen kan evt krevje manglande bruk av LED-lysmidlar tilbakebetalt.

Det er utarbeidd eit obligatorisk søknadsskjema som må sendast inn saman med eventuelle vedlegg. Dette skjemaet er tilgjengeleg på:

<http://www.gulen.kommune.no/soeknadsskjema.113403.nn.html>, under overskrifta «Diverse» nedst på sida.



Me ber om at dei laga som allereie har sendt inn søknad, ettersendar dette søknadsskjemaet innan søknadsfristen. Søknadar som kjem inn utan dette skjemaet vil ikkje bli godkjend!

Send inn søknad og legg ved siste årsrekneskap, årsmelding samt andre vedlegg til:

postmottak@gulen.kommune.no
innan **søknadsfristen 01.07.2020**.

Takstar for levering av vatn til private brønnar 2020


Det er mogeleg å få tilkjørt vatn for næringsliv, bustader og fritidsbustader i Gulen og Masfjorden etter fylgjande satsar:

- 1 lass vatn med mannskapsbil (ca 2500 l) inntil 2 timer kr 2200,- pluss mva. Går oppdraget utover 2 timer kjem eit tillegg på kr 1100,- pluss mva. pr. time.
- 1 lass vatn med tankbil (ca 8 000 l) inntil 2 timer kr 2700,- pluss mva. Går oppdraget utover 2 timer kjem eit tillegg på kr 1250,- pluss mva. pr. time.

Dette tilbodet er eit supplement utover den ordinære beredskapen som brannvesenet er forplikta å vere i kommunane. Dette betyr at dei ordinære oppgåvene til brannvesenet alltid vil ha 1. prioritet.

Responstida frå bestilling til levering er inntil 24 timar. Om ein har eit akutt behov for vatn (det vil sei at ein ikkje kan vente inntil 24 timar), må ein pårekne eit ekstragebyr på tilsvarande prisane over.

Brannsjef Sigvald Kvinge



Momskompensasjon for frivillige lag og organisasjonar

Frivillige lag og organisasjonar søke om momskompensasjon frå Lotteri- og stiftelsestilsynet som skal fordele 1,685 milliardar kroner i momskompensasjon.

Søknadsfristen er 1. september, men fleire lag og organisasjonar må sende søknad via sentralleddet som ofte har frist tidlegare. Hugs at alle som søker må vere registrert i Frivilligregisteret.

Søknadsskjema og meir om ordninga finn du på www.lottstift.no

